



Saksbehandlar: Ingeborg Lysne McEvoy, Næringsavdelinga
Sak nr.: 15/12430-3

Politisk representant til nettverk Kystskogbruket

Fylkesdirektøren for næring rår Hovedutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Som politisk representant for fylkeskommunen sitt Nettverk for Kystskogbruket vert valt...

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

På møte i Fylkestinget 16.06.2015 vart det gjort følgjande endeleg vedtak i sak 20/15:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til Melding om kystskogbruket 2015.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil følgje opp Kystskogmeldinga i samarbeid med dei andre deltagande fylkeskommunane.

2. Vurderingar

Melding om kystskogbruket tek tak i dei felles, overordna utfordringane for kystfylka og peikar på løysingar i eit samarbeid med næringa og statlege etatar. I 2015 vart Melding om Kystskogbruket 2008 erstatta med Melding om kystskogbruket 2015.

Meldinga frå 2008 har vore følgt opp gjennom fylkeskommunane sitt Felles oppfølgingsprogram (FFO), og har vore svært viktig for utvikling av skognæringsforumet i Sogn og Fjordane og næringa sitt kystskogsamarbeid. Samarbeidet har gitt gode resultat så langt og skognæringa har bidrege tungt i prosessen med rullert Kystskogmelding i 2015.

Meldinga har to overordna mål:

- Verdiskapinga i kystskogbruket skal fire doblast fram til 2045
- Kystskogen sitt karbonlager skal aukast og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavenlege materialar og energikjelder

Det arbeidet som er gjort hittil i Kystskogbruket viser at skogbruket i Sogn og Fjordane får mykje att for ein relativt låg inngangsbillett. Det er gjennomført store utgreiingar og analyser, kompetansehevingsprogram og rådgjevingsressursane er styrka.

Samarbeidet om kystskogbruket gjer det også lettare for Sogn og Fjordane fylkeskommune å spele ei rolle som regional utviklar for skogbruksnæringa i Sogn og Fjordane. Åleine er vi ein liten

aktør, men kysten samla kan bli ein maktfaktor. Samarbeid effektiviserer utviklingsarbeidet, og gjer kystskogbruket til ei meir synleg næring overfor sentrale styresmakter.

Val av politisk representant for fylkeskommunen sitt Nettverk for Kystskogbruket følgjer same periode som fylkesvalet og det er difor tid for å velje ny representant. Noverande representant er Nils P. Støyva. Fylkessdirektøren ber om at Hovudutval for næring og kultur vel ein ny representant for inneverande valperiode.